

# Trenarar Enivest skiskule

Til årets trenarteam, eller A-laget om du vil, har vi ikkje berre samla nokon av dei beste trenarane i fylket, men også i verda!

Gjørn Tefre er hovudtrenar og med seg får han Brage Burø Sunde, Inga Skaar og Vetle Uhre Hammersvik som alle er satsande skiløparar. Dei tre har alle erfaring frå skigymnas og er løparar på høgt nasjonalt nivå. Alle har trenarkurs og instruktørerfaring. Med er også Roger Øye Pollen som er tidlegare skiløpar, har bachelorgrad i idrettsvitenskap og har trenarkurs.

Årets flaggskip på trenarsida er ingen kven som helst. Steinar Mundal er ein bauta i norsk og internasjonal idrettssamanheng. Han har vore landslagstrenar for det norske herrelandslaget og kvinnelandslaget i skiskyting. Etter enorm norsk suksess under VM i Holmenkollen, i både langrenn og skiskyting, samt ytterlegare 2 VM og tre OL har Steinar ein vanvitig CV. Vi er utruleg heldige som får ha han på skiskulen og vil derfor gje alle mogelegheita til å møte Steinar. Han vil halde foredrag på Scandic Sunnfjord Hotell søndag klokka 10.00 i forkant av rulleskirennnet på Langeland. Her vil han snakke om trening og sine erfaringar frå idretten. Foreldre, skiinteresserte, idrettsinteresserte og elles alle som vil sjå og høyre på ein klok mann er hjarteleg velkomne! Foredraget er gratis.



Gjørn Tefre, hovudtrenar



Steinar Mundal, trenar og foredragshaldar



Brage Burø Sunde, trener



Vetle Uhre Hammersvik, trener



Inga Skaar, trener



Roger Øye Pollen, trener